

Sjølvgåande sjuandeklassingar i Uskedalen

19.04.2016



SLT-kordinator for heile kommunen Veronica T. Thorsen presenterar gruppeleiarane Silje Soldal, Jonathan Taranger og Victoria Haaranes Lund.

Dei 13 sjuandeklassingane i Uskedalskulen dette året har vore svært sjølvgåande, så sjølvstendige at læraren er tildels overflødig. Det sa læraren deira, Aud Jorunn Seim, då det lokale punktum vart sett ikveld for prosjektet Ung i Kvinnherad. Elevane har jobba med 4 moduler og dei har jobba godt. Modulane har vore rus, psykisk helse, og nettvett og dei unge har laga presentasjon.



Foreldre og elevar saman på skulen ikveld.

2 grupper har laga film og ei gruppe power point og presentasjonane har eit sterkt budskap om det tema dei handlar om. Resultatet vart presentert i kveld på eit foreldremøte. Eit tema handla om alkohol og tobakk, eit anna om mobiltelefon, internett og spel og eit tredje om kontakta mellom foreldre.

Eit spørsmål som vart stilt i ei diskusjonsoppgåve var kva reglar dei unge hadde i heimen om tobakk og alkohol og om dette er noko dei kan snakka om allereie no. Eit anna spørsmål viste til ein elev i ungdomsskulen som ville veta kva tankar dei vaksne har om at dei vaksne ikkje bør drikke når det er små barn tilstades.

Nettbruken er framleis eit omstridd tema og eit spørsmål handla om kor mykje tid det er greitt at ungdommen sit framfor skjermen dagleg.

Eit anna spørsmål var dette: Kva kan de som foreldre gjera for å - i størst mogeleg grad - skjerma ungdommen for uvettig bruk av data og mobiltelefon, herunder mobbing og publisering av ikkje ønska film og kommentarar? Det vart også spurdt om tankar foreldra har om at born og ungdom spelar dataspel med høgare aldersgrenser.

Foreldrekontakt var eit siste tema og eit spørsmål her var om ein bør kontakta heimen når ein sjuandeklassing skal overnatta hos ein kompis eller venninne.

Ein enda meir kinkig situasjon vart skildra slik: Etter avtale hentar far åttandeklassingen sin på Sæbøvik, då han ser ein av klassekameratane hans der og han er full. Far kjenner ikkje foreldra til guten noko særleg. Kva bør han gjera og korleis går han fram i denne situasjonen?

Med andre ord har prosjektet utan vidare gått direkte inn i aktuelle problemstillingar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen